



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
- Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Terje Vidar Hoel / 53650120	17/8805-6	201606897	19.02.2018

Høyring av konsesjonssøknad med konsekvensutreiing for Opo flomkraftverk i Odda kommune - Vår uttale

Me syner til kunngjering dagsett 16.11.2017, og vår uttale til forslag til konsekvensutreiing 24.01.2017.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Våre interesser i denne saka er retta mot riksveg 13, fylkesveg 550 og vårt sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen ber Odda kommune om å setje krav til utbygger om utarbeiding av godkjent plan for ein trygg gjennomføring av massetransport til deponi. Vi er negative til ein tilkomst til avlaupstunnelen frå rundkøyringa i krysset Eitrheimsvegen-Oppheimsgata.

Saksopplysningar

Det planleggast bygging av ein tunnel for å redusere flaumfaren i Opovassdraget i Odda by. Flaumtunnelen skal opne for bygging av eit kraftverk som skal finansiere realiseringa av planen.

Heile anlegget vert bygd i fjell, med inntak i Sandvindsvatnet og utløp i Sørfjorden.

Det er planlagt tilkomst til anlegget som skal knytast til fylkesvegen, det skal deponerast tunnelmassar som vil grense opp mot vegarealet, og utløpstunnelen vil krysse fylkesveg 550 ved Kleivavika.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Føringar for vidare planarbeide

Som det går fram av konsekvensutgreiinga, ligger tiltaksområdet innanfor regulert området i Odda sentrum. Odda kommune er planmynde etter plan og bygningslova. Saker som rører ved tilhøva for riks- og/eller fylkesvegen, skal handsamast av Odda kommune. Statens vegvesen skal gi uttale.

Vår vurdering av utredninga

Tilkomstar og avlaup

Tilkomst til avlaupstunnelen er vist i illustrasjon figur 4.7 i søknaden. Her er tilkomsten plassert som ein «arm» i rundkøyringa på fylkesvegen. Denne løysninga har fleire moment som kan påverke trafikktryggleiken i området.

Statens vegvesen vil i dette høve gi ein negativ uttale til ein ev. dispensasjon frå gjeldande plan. Her må ein finne ei betre løysing.

Utløpstunnelen er vist i Kleivavika i figur 4.5 i søknaden, med ei bru på fylkesvegen over utløpet.

Denne løysinga skal godkjennast av vegeigar og Vegdirektoratet. Dette er ein lang prosess, og nødvendig underlag må sendast til i god tid før byggstart. For slike saker må ein pårekna lang sakshandsamingstid. Det vil også vere utfordrande å bygge brua, da det ikkje er omkøyringsveggar på strekninga. Trafikkmengda her er relativt stor med ein ÅDT på 5000.

Alle tilkomstar frå riks- og fylkesvegen (også mellombelse) skal søkast om, og vert handsama etter gjeldande retningsliner.

Massetransport i anleggstida.

I Statens vegvesen sin uttale 24.01.2017 peika vi mellom anna på problema ved massetransport i anleggstida i høve trafikkmiljø. Vi antar at tunnelen skal drivast frå fleire endar, og at det vil verte massetransport i både sentrumsområdet og i bustadområdar. Her meiner vi Odda kommune må setje krav til utbyggjar om at det vert utarbeida ein plan til godkjenning, som syner korleis ein kan ivareta trafikktryggleiken under anleggstida.

Oppsummering

Statens vegvesen har stor forståelse for at Odda kommune trenger flaumsikring for Opovassdraget. Når det aller meste av anlegget vert bygd i fjell vert det få negative verknader for riks- og fylkesvegen gjennom Odda by.

Vi meiner likevel at det må finnast ein betre løysing for tilkomst til avlaupstunnelen, og ein må ha ein tett dialog med Statens vegvesen tidleg i planfasen, når det gjeld kryssing av fylkesvegen med avlaupstunnelen i Kleivavika.

Det er også særskilt viktig at trafikktryggleiken er godt ivaretatt når ein legg planen for massetransport.

Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger

Med helsing

Carl Erik Nielsen

Seksjonsleiar

Hoel Terje Vidar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.